Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Iveland

Emne: Lynging og mosing.

Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Kopius

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmann: Knut Ranestad, f. 1882 på Ranestad, bonde der.

I A.

1. Dei slår ikkje lyng nå, men dei gjorde det i eldre tid.
Om det ikkje vor årvisst, så vor det i allfall regulært.
2. Det vor om hausten dei slo lyng, i den tida lyngen blomstror. Dei slo den gjerne på frosen mark, det vor godt å slå då.
3. Dei slo lyngen med vanlej langorv.
4. Det vor mannfolk-arbeid.
5. Dei hadde lyngbakkor der dei slo lyng regelmessig, t.d. annakvart år, så dei heldt seg ung og fin.
6. Dei kjörte lyngen heim.
7. Hjå Knut R. hadde dei lyngen ~~på~~ i löa, men naboen på det andre bruket hadde ei lita lynglöe.
8. Det var kyrne som fekk lyngen. Dei fekk den som höy. Knut R. husser ikkje kor mykje dei fekk.
9. Lyngen vor godt fór. Kyrne vart sterke og kraftige av den, og den vor eit godt

16579

middel mot beinverk.

B.

1–4. Ukjent.

II Ukjent.

16579

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING